# Læreplan i vg3 blomsterdekoratørfaget

Fastsett som forskrift av Utdanningsdirektoratet 10. mai 2021 etter delegasjon i brev av 13. september 2013 frå Kunnskapsdepartementet med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd. Omfang på fagprøva fastsett av Utdanningsdirektoratet 23.januar 2023.

Gjeld frå 01.08.2022

# Om faget

## Fagrelevans og sentrale verdiar

Vg3 blomsterdekoratørfaget handlar om å lage produkt med allsidig design og uttrykk tilpassa ulike personar, rom og anledning, og å yte service og rettleie kundar om produkt og tenester. Faget handlar òg om korleis blomsterdekoratøren bruker råvarer, materiale, verktøy, teknikkar og kreativitet i produksjon og design med blomstrar. Vidare handlar faget om å vidareføre eit handverk som ofte er knytt til ulike tradisjonar og livshendingar, og som utviklar seg i takt med tida.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnlaget for opplæringa. Vg3 blomsterdekoratørfaget skal bidra til å utvikle identiteten som blomsterdekoratør hos den enkelte. Faget skal òg bidra til å utvikle evne til kritisk tenking, faglege vurderingar og idear ved praktisk arbeid der val og gjennomføring påverkar prosessen og resultatet. Vidare bidreg faget til å utvikle skaparglede, sjølvstende og engasjement gjennom at lærlingane nyttar fagkompetansen til å ta sjølvstendige og berekraftige val undervegs i produksjonsprosessen og til å handtere etiske problemstillingar i samband med kundebehandling. I tillegg skal lærlingane gjennom faget utvikle toleranse i møte med kulturelt mangfald og menneske med ulike behov og i ulike livsfasar. Faget skal dessutan bidra til at lærlingane får kunnskap om pliktene og rettane til arbeidsgivaren og arbeidstakaren, og om kor viktig det er med trepartssamarbeidet, der arbeidsgivarar, arbeidstakarar og styresmakter jobbar saman for å utvikle eit betre arbeidsliv.

## Kjerneelement

### Blomsterdekorering

Kjerneelementet blomsterdekorering handlar om å skape blomsterfaglege produkt med allsidig design og uttrykk, og om å kunne skape og tilpasse produkt og tenester ut frå behova til kunden, kulturen og tradisjonane i faget. Det handlar vidare om praktiske ferdigheiter ved bruk av ulike teknikkar og relevante verktøy og om å utføre arbeid i samsvar med gjeldande reglar for helse, miljø og sikkerheit. Dette kjerneelementet handlar òg om kunnskap om eit breitt utval av materiale og tekniske løysingar og om å kunne nytte dette i praktisk arbeid. I tillegg handlar det om å eksperimentere med materiale og handverksteknikkar for å skape nye produkt og utvikle faget i tråd med skiftande motar og trendar i samfunnet.

### Kommunikasjon og arbeidsliv

Kjerneelementet kommunikasjon og arbeidsliv i Vg3 blomsterdekoratørfaget handlar om å nytte ulike kommunikasjonsformer i samspel med arbeidsgivar, kollegaer, kundar, leverandørar og samarbeidspartnarar. Det handlar òg om å avdekkje og analysere ønska og forventningane til ein kunde, visualisere idear til kunden og sikre felles forståing av produktet. Vidare handlar det om å bruke og vurdere strategiar for å møte livssituasjonane til kundane og behova, kulturen og tradisjonane deira. I tillegg handlar dette kjerneelementet om å eksponere materiale og produkt og presentere blomsterprodukt i utstilling. Det omfattar marknadsføring i produksjonsprosessane, økonomi og sal. Dette kjerneelementet handlar dessutan om å bruke aktuell teknologi og visuelle verkemiddel til å marknadsføre og formidle blomsterprodukt på ein estetisk måte.

### Materialkjennskap

Kjerneelementet materialkjennskap handlar om forståing for dei visuelle og fysiske eigenskapane og den kulturelle betydninga av eit breitt utval av botaniske materiale. Det handlar òg om å eksperimentere med eit utval av planter, snittblomstrar og andre botaniske materiale, og å kjenne til namna, varebehandlinga, opphavet, sesongen, bruksområdet og haldbarheita deira. Det handlar vidare om å bruke tekniske hjelpemiddel i produksjonsprosessar for å oppnå eit estetisk visuelt uttrykk og eit funksjonelt produkt. I tillegg handlar det om kritisk å vurdere kvaliteten på materiala, og å utnytte dei på ein måte som tek vare på både økonomi og miljø.

## Tverrfaglege tema

### Folkehelse og livsmeistring

I vg3 blomsterdekoratørfaget handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om å utvikle identitet og om å gjere ansvarlege val i eige liv og i skapande arbeid. Det handlar òg om å utvikle strategiar for å møte og meistre forventningar frå kundar og eit arbeidsmiljø med tydelege tidsfristar og gitte krav. Vidare handlar folkehelse og livsmeistring om å bli trygg i møte med kundar og andre aktørar i faget, og om å handtere eigne tankar og kjensler som oppstår i møte med kundar i ulike livssituasjonar som treng rettleiing om blomsterfaglege produkt. I tillegg handlar det om refleksjon over korleis ein blir påverka av motar, trendar og visuelle uttrykk.

### Berekraftig utvikling

I vg3 blomsterdekoratørfaget handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om å nytte kunnskapen om berekraftig ressursforvaltning. Det handlar om etisk refleksjon rundt ressursutnytting, gjenbruk og avfallshandtering av materiale. Vidare handlar det om kritisk å vurdere

berekraftig drift og produksjon for å kunne ta etiske og miljømedvitne val ved bruk av botaniske materiale og støttemateriell, og om å forstå konsekvensane av vala i eit lokalt, nasjonalt og globalt perspektiv.

## Grunnleggjande ferdigheiter

### Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i vg3 blomsterdekoratørfaget inneber å uttrykkje eigne meiningar og å lytte til og gi respons i spontan og førebudd samtale. Det inneber òg å bruke fagspråk i drøfting og refleksjon over faglege emne, byggje opp argumentasjon og tilpasse munnleg tekst til mottakar og formål. Lærlingane utviklar munnlege ferdigheiter når dei drøftar, reflekterer og presenterer saker åleine og i fellesskap.

### Å kunne skrive

Å kunne skrive i vg3 blomsterdekoratørfaget inneber å kommunisere skriftleg gjennom tekst, bilete, illustrasjonar og arbeidsteikningar med kundar, leverandørar og samarbeidspartnarar. Det inneber vidare å skrive leselege handskrivne og digitale ordrar, bruke fagspråk og uttrykkje og grunngi arbeidsbeskrivingar, idear og løysingar i ulike arbeidsoppdrag.

### Å kunne lese

Å kunne lese i vg3 blomsterdekoratørfaget inneber å innhente, reflektere over, tolke, forstå og bruke aktuelle fagressursar. Vidare inneber det å lese og forstå brukarrettleiingar, arbeids- og sikkerheitsinstruksar, arbeidsteikningar og andre yrkesrelevante beskrivingar med teikn og symbol.

### Å kunne rekne

Å kunne rekne i vg3 blomsterdekoratørfaget inneber å berekne tid, materialmengder, økonomisk forteneste og kostnader knytte til tenester. Det inneber òg å utforme arbeidsbeskrivingar ved hjelp av mål og proporsjonar.

### Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i vg3 blomsterdekoratørfaget inneber å bruke digitale ressursar til å innhente informasjon, til å kommunisere og til å presentere eige arbeid. Det inneber òg å vurdere, omarbeide og stille saman informasjon, og å utøve kjeldekritikk og vise til kjelder. Vidare inneber det å utvikle etisk medvit og vise digital dømmekraft ved å følgje reglar og normer.

# Kompetansemål og vurdering

## Kompetansemål og vurdering vg3 blomsterdekoratørfaget

### Kompetansemål

Mål for opplæringa er at lærlingen skal kunne

- planleggje, gjennomføre, dokumentere og vurdere eige blomsterarbeid
- utarbeide og vidareutvikle skisser for hand og med digitale ressursar
- nytte analysar, stilform, komposisjonsprinsipp, teknikkar og materiale for å skape eit heilskapleg uttrykk
- utforske stillære og ulike trendar og tilpasse blomsterdekor etter kva behov kunden har
- utforske, utvikle og designe faglege produkt og grunngi val av stilform og uttrykk og knyte det til analysar av rom, anledning og person
- gjere greie for kulturuttrykk i ulike kulturar og religionar og tilpasse dette i blomsterdekor i ulike stilartar
- analysere og tolke ulike oppdrag og gjere estetiske, miljøvennlege og berekraftige faglege val, i tråd med ønska og behova til kunden
- bruke formålstenlege handverksteknikkar og verktøy og grunngi eigne tekniske val knytte til kor haldbare materiala er og stil og uttrykk for produktet
- utforske og eksperimentere med ulike handverksteknikkar, verktøy og materiale og bruke denne kunnskapen som inspirasjon i eige arbeid
- vurdere botanisk materiale i produksjon ut frå eigenskapane og kvaliteten på materialet og grunngi eigne val knytte til ordre og stil og uttrykk for produktet
- nytte overslag og budsjett for å berekne materiale til produkt ut frå tidsbruk, innkjøp og lønnsemd
- vurdere korleis varelager, vareflyt, orden og tidsbruk påverkar økonomien i bedrifta og bruke denne kunnskapen i eige arbeid
- vurdere, bestille og bruke ulike botaniske materiale og støttemateriell i eige arbeid og gjere greie for konsekvensane av ulike val, med utgangspunkt i ein etisk og miljøvennleg produksjon i eit lokalt, nasjonalt og globalt perspektiv
- nytte teknikkar som bidreg til berekraftig ressursutnytting, og vurdere gjenbruk, avfallshandtering og miljøpåverknad av materiale
- gjere greie for opphav, naturleg sesong og stell for eit breitt utval av botaniske materiale og bruke denne kunnskapen i kommunikasjon med kundar og i praktisk arbeid
- gjere greie for og nytte tiltak mot sjukdommar på stoveplanter
- gjere greie for korleis kulde, varme, støyt og feilvatning skader blomstrar og planter, og vurdere korleis dette kan førebyggjast

- nytte digitale ressursar til idéprosessen, dokumentasjonen og presentasjonen av eige arbeid
- presentere blomsterprodukt ved å nytte vareeksponering og utstillingar
- nytte formålstenlege kommunikasjonsformer og strategiar i møte med kundar, kollegaer, leverandørar og andre samarbeidspartnarar
- rettleie og formidle informasjon om blomsterfaglege produkt og tenester til kundar
- gjennomføre og dokumentere arbeid i samsvar med gjeldande regelverk for helse, miljø og sikkerheit
- arbeide etter regelverk og avtalar som regulerer arbeidsforholdet i faget, og gjere greie for pliktene og rettane til arbeidsgivaren og arbeidstakaren

### Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Lærlingane viser og utviklar kompetanse i vg3 blomsterdekoratørfaget når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i faget.

Instruktøren skal leggje til rette for lærlingmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Instruktøren skal vere i dialog med lærlingane om utviklinga deira i vg3 blomsterdekoratørfaget. Lærlingane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistrar, og til å reflektere over eiga fagleg utvikling. Instruktøren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at lærlingen kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i faget.

# Vurderingsordning

## Sluttvurdering

Før fagprøva må alle som ikkje har følgt normalt opplæringsløp, ha bestått ein skriftleg eksamen laga ut frå læreplanen i faget. Eksamen blir utarbeidd sentralt og sensurert lokalt. Eksamen skal ikkje ha førebuingsdel.

Opplæringa i vg3 blomsterdekoratørfaget skal avsluttast med ein fagprøve. Alle skal opp til fagprøven, som skal gjennomførast innanfor ei tidsramme på tolv til fjorten vyrkedagar